

## Askjellerud (gnr. 67)

Askelrud: Gardnamn som truleg kjem av det tidlegare brukte mannsnamnet Askjel (Askjell). Uttalen av gardnamnet har i bygdemålet vore Asjellru'.

Askelrud i Fåberg er matrikulert med eit eige bruk av skyld 2 skinn under Langset i 1663. Bruket låg da til Kongen og var truleg nyleg rydda i almenningen. I 1696 vart det tinglyst at Lars Paulsen Suttestad hadde fått skjøte på "pl. Aschildrud i Faaberg av skyld 1 ½ skind med bøkse". – I 1711 er det vidare tinglyst at Peder Christensen Langset hadde kjøpt og fått skjøte på "engelandet Aschilrud" av skkyld 1 skinn av ein Kongens mann Claus Bendich.

I matrikkelframlegget av 1723 er namnet skrive Askildrud, og bruket låg framleis under Langset. – Den 11. april 1741 hadde det vore dødsfall og var arveskifte på Askelrud i Fåberg. Den døde var ei eldre kvinne, den ugifte Kari Tronsdr., og arvingane var: 1. Torger Tronsen, bror hennar, 80 år, 2. Borna etter broren Amund Tronsen, 3. Borna etter søstera Beret Tronsdr. Av denne yngre ættleden var Tora Amundsdr. gift med Knut Christensen Avlsgarden, og Guri Beretsdr. var gift med Jon Haugen. Arvebuet omrekna i pengar utgjorde brutto 72 rd. og netto 61 rd.

Etter atter 9 år var Tollev oppsittar på Askilrud. Han og Ole Skjellerud hadde da ei rettssak seg imellom, ei sak som elles vart oversendt til det militære forum.

I 1785 var det Friderich Lillehammer som var eigar av plassen Askilrud i Fåberg. Han gav da skjøte til Asbjørn Larsen Høstmælingen på dette bruket, da av skyld 2 skinn, for 400 rd. som var ein høg pris etter landskylda, så Askelrud måtte vera eit ettertrakta bruk.

Asbjørn Larsen Høstmælingen brukte Askelrud til i 1797. Da overlet han garden til sonen sin, Einar Asbjørnsen, for 560 rd. Kva som da var med i handelen, går ikkje så tydeleg fram.

Ved folketellinga i 1801 budde det 2 familiar i Askelrud. Det var: 1. familie: 1. Einar Asbjørnsen, husbonden, 27 år, 2. Ole Asbjørnsen, tenestkar, truleg broren, 24 år, 3. Sigrid Pedersdr., tenestkvinne, 20 år. 2. familie: Lars Asbjørnsen, "Inderst uden jord, Rockedrejer", 34 år, truleg og bror til husbonden, 2. Guro Jensdr., kona hans, 35 år.

Etter atter 18 år kom i 1819 eit opplysende matr. framlegg for Fåberg. der er det om Askelrud fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 1 hest og 5 naut, og den årlege avlinga av korn var kring 20 tønner. Eigar og brukar av av garden var framleis Einar Asbjørnsen. Etter 19 år var det i 1838 ny matrikulering av gardane. Da vart namnet på den garden vi her har for oss, skrive Askjelsrud, og den nye matr. skylda på garden vart sett til 2 skylddalar 2 ort 20 skilling. Same året gav og Einar Asbjørnsen skjøte til sonen Hans Einarsen.

Den 13. febr. 1840 var mor til Hans Einarsen død, og det var skifte på "Askelrud i Lillehammer, Faaberg". ved dette skiftet var den økonomiske stilling på garden god, og dødsbuet utgjorde brutto 756 spd. og netto 436 skd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Einar Asbjørnsen dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var Hans da 27 år, søstera Anne var 29 år og søstera Agnethe 15 ½ år.

Hans Einarsen gifta seg med Rønnaug Asbjørnsdr., og dei fekk i 1843 dottera Agnethe. Men i 1847 døde mora Rønnaug Asbjørnsdr., og det var da atter skifte på Askelrud. Den

økonomiske stoda på garden var framleis god, og Askelrud av skyld 2 dal. 2 ort 20 skill. vart da verdsett til 600 spd. Brutto utgjorde dødsbuet 1408 spd. og netto 769 spd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen unge Hans Einarsen, som da var 34 år, og vesle dottera Agnethe Hansdtr., som var 4 år.

Hans Einarsen hadde gården til i 1859. Da skjøta han Askelrud til svigersonen Johannes Asbjørnsen. Det er opplyst at bruket Slåtten av søre Langset da følgde med i handelen. Kjøpesummen for Askelrud med Slåtten var da 500 spd. + eit føderåd verdsett til 280 spd.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om "Adskjelrud" opplyst at det samla jordbruksareal da utgjorde 114 mål, og av dette var 33 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare fortalt at husdyrhaldet på garden i den tid var 2 hestar, 9 storfe og 22 småfe, og den årleg utsæden var kring 4 ½ tønne korn og 3 tønner settepoteter.

I tidsrommet frå 1869 til 1879 vart det så fråskilt Askelrud fleire parsellar og handla mykje med garden: I 1871 gav såleis Johannes Askelrud ei kontrakt til A. Fagstad en uthogst av eit skogstykke på Øiamoen for 5 år. For denne retten skulle A. Fagstad betale i kjøpesum 30 spd. Fire år seinare var det i 1875 ei skylddelingsforretning i Askelrud, og ein parsell vart fråskild garden og skyldsett til 1 ort 5 skilling. To år seinare selde i 1877 Johannes Askelrud ein del av garden "Adskilrud" med ein del av Slaatten til Christen Christensen for i alt 500 spd. eller 2000 kroner. Og etter atter to år gav så Johannes Asbjørnsen skjøte til Andreas Galterud på resten av løpenr. "199 Asskjelrud" og resten av Slaatten for kjøpesum kr. 1600,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Askelrud i Fåberg fekk da gardsnr. 67 av samla skyld 4,42 mark, og det var da 3 bruksnr. under gardsnr. 67 Askelrud. Det var: a. Grn. 67, brn. 1 Askelrud av skyld 2,28 mark, som Kristian Andersen Galterud var eigar og brukar av, b. Brn. 2 og 3 Askelrud av skyld 2,14 mark som Kristen Kristiansen var eigar og brukar av. Ein merker seg elles at her i matrikkelen av 1886 er skrivemåten av gardnamnet konsekvent gjennomført: Askelrud, som deretter har vorta den offisielle skrivemåten.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det framleis berre 3 bruk under gardsnr. 67, og i 1907 budde det 4 veljarar der som hadde kommunal røysterett. Det var: 1. Gardbr. Kristian Andersen, alder 65 år, 2. Eline Kristensdtr., kona hans, 59 år, 3. Gardbr. Kristen Kristiansen, alder 57 år, 4. Johanne Asbjørnsdtr., kona hans, 60 år.

Men i 1920 hadde Anton Hilmersen overtatt grn. 67, brn. 4 Askelrudhagen av skyld 0,01 mark, og i 1923 overtok Signe og Ragnhild Holmstuen brn. 5 Heimstad, samtidig kjøpte og Oskar Svendsrud brn. 6 Akelrudsagen. Brn. 7 Fjeldli var i 1930 selt til skomaker Simensen, og Ottar Randgård kjøpte i 1935 brn. 8 Ottar Randgårds tomt av skyld 0,04 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det likevel berre 2 bruk under gardsnr. 67 Askelrud som da hadde eit jordbruksareal på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 67, brn. 1 Askelrud med eit jordbruksareal på ca. 70 mål, eigar og brukar Edv. Askelrud, 2. Grn. 67, brn. 2, 3, 6 Askelrud, areal ca. 60 mål, eigar og brukar Johs. Askelrud.